

---

Saknr: 2020/46203-2  
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Om oppretting og skiping av mineralråd og val av medlemmar

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek til vitande fylkesordførar sitt svar i interpellasjon SI 4/2020, der det kjem fram at det er til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, som mellom anna vil vurdere mineralrådet sin funksjon og organisering, og at det vil vere opp til fylkestinget i Vestland å vurdere vidare deltaking i rådet.
2. Kontrollutvalet vil, på bakgrunn av pkt. 1, ikkje no gjere vurdering av formalitetane rundt skiping av mineralråd og val av medlemmar.

### Samandrag

Det har dei seinare åra vore arbeidd med å få etablert eit mineralråd i tidlegare Sogn og Fjordane, der Naustdal og Askvoll kommunar har vore initiativtakarar. Saka har vore behandla i fylkeskommunale organ i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune ved fleire høve, mellom anna i fylkestinget 08.10.19 og i fylkesutvalet 10.12.19. Det vart lagt til grunn at kommunane og næringa hadde initiativet, og at fylkeskommunen skulle bli deltakar om rådet vart skipa før årsskiftet 2019/2020.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla  
Seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Epost frå KU-leiar 26.03.20 om oppretting og skiping av mineralråd og val av medlemmar
- 2 v1 - Innkalling til konstituerande møte for Mineralråd for Sogn og Fjordane fylkeskommune (Vestland)
- 3 v2 - Saksgrunnlag for konstituerande møte for mineralrådet
- 4 v3 - Brev frå Naustdal kommune til SFFK - Framlegg til oppretting av mineralråd - mandat, organisering og ressursar
- 5 v4 - Brev til ordførar 30.01.20 om mineralråd frå Berthelsen
- 6 v5 - Innlegg frå Raudt og SV - Feilinformasjon og ulovleg mineralråd
- 7 v6 - Reglement for mineralrådet
- 8 v7 - Saksgrunnlag skipingsmøte (002)

- 9 v8 - Svar frå kommunedirektør på spørsmål i formannskapet - 30. januar - om feilinformasjon og eit ulovleg mineralråd
- 10 191217 - Interpellasjon frå Berthelsen SI 4-19
- 11 191217 - Svar frå FO på interpellasjon frå Berthelsen SI 4-19
- 12 200303 - Interpellasjon frå Berthelsen SI-4-2020
- 13 200303 - Svar frå FO på interpellasjonen frå Berthelsen SI-4-2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det har dei seinare åra vore arbeidd med å få etablert eit mineralråd i tidlegare Sogn og Fjordane der Naustdal og Askvoll kommunar har vore initiativtakarar. Saka har vore drøfta i fylkeskommunale organ i Sogn og Fjordane ved fleire høve, mellom anna i fylkesutvalet 23. april 2019 og 29. mai 2019. Det vart her lagt til grunn at kommunane og næringa har initiativet, og fylkeskommunen vert deltakar om rådet vert skipa - før årsskiftet 2019/2020. Saka vart også behandla i fylkestinget 8.10.19 og i fylkesutvalet 10.12.19, der det vart gjort vedtak som følgjer under.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 08.10.19 i sak 48/19:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019. Det er ein føresetnad for deltaking at fylkeskommunen ikkje vert tillagt eit særleg ansvar for rådet, men vert deltakar på linje med dei andre. Mineralrådet må arbeide for best mogeleg industriell utnytting og verdiskaping av mineralførekomstane i fylket.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Dette kan gjerast i desember 2019. Fullmakta omfattar også utpeiking av fylkeskommunal representasjon, samt å yte ev. økonomisk bidrag innanfor den ramma som vert vedteken i fylkestinget sin budsjett rapport pr. 2. tertial 2019.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

Saka vart følgt opp i fylkesutvalet 10.12.19, der utvalet gjorde slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommunen sluttar seg til mineralrådet, jf. vedlagde reglement.
2. Arve Helle vert vald som medlem i mineralrådet. Fylkesutvalet oppmodar Vestland fylkesting om å utpeike den andre fylkeskommunale medlemen i rådet
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvd 1,5 mill. kr til arbeidet i mineralrådet, jf. vedtak i samband med budsjett rapporten pr. 2. tertial. Midlane vil no kunne kome til utbetaling.

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune har fått interpellasjon om saka både 17.12.19 og 03.03.20.

Interpellasjonen 17.12.19 frå Åsmund Berthelsen gjaldt spørsmål om å få sak om mineralutvinning og oppretting av mineralråd opp i Vestland fylkeskommune. Interpellasjonen vart ikkje realitetsbehandla, men fylkesordførar sa i sitt svar mellom anna:

*Ei sak om korleis fylkeskommunen kan arbeide med feltet på ein god måte vil difor vere ønskeleg. Administrasjonen opplyser at dei kan fremme ei slik sak i løpet av første halvår 2020.*

Interpellasjonen SI 4/2020 i fylkestinget 03.03.20, også frå Berthelsen, gjaldt spørsmål om opprettinga av mineralrådet var i strid med kommunelova, og om Vestland fylkeskommune på bakgrunn av dette skulle trekke sin representant ut av rådet. Berthelsen la også til krav om å få tilbakebetalt midlane som vart løyvd til arbeidet i mineralrådet frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Interpellasjonen vart ikkje realitetsbehandla. Fylkesordføraren svarde mellom anna dette:

*Fylkesordføraren har på bakgrunn av det nemnde kome til at det oppretta mineralrådet ikkje har status som eit folkevald organ i Vestland fylkeskommune. Dette er likevel ikkje til hinder for Vestland fylkeskommune si deltaking i interkommunalt samarbeid. Det er til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, og som mellom anna vil vurdere rådet sin funksjon og organisering. Det vil vere opp til fylkestinget i Vestland å vurdere vidare deltaking i rådet. Fylkesordføraren viser i den samanheng òg til svar gjevne på interpellasjon SI 4/2019 i fylkestinget i desember 2019.*

*Når det gjeld løyvde midlar, løyvde fylkestinget i Sogn og Fjordane i møte 08.10.2019 midlar til rådet i samband med behandling av sak Tertialrapport 2/19. I møte i fylkesutvalet 10.12.2019, i sak Oppfølging av fylkestingsvedtak - sak nr 48/19 mineralråd, vart løyvinga*

*effektuert. Fylkesordføraren kan ikkje sjå at det ligg føre noko rettsleg grunnlag for å krevje attende midlane.*

Begge interpellasjonane m/svar er vedlagt saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet kan avgjere om dette er ei sak for utvalet, ref. kommunelova § 23-2

Vurderingar og verknader

Det er, i følgje fylkesordførar, ei sak til utarbeiding i løpet av 2020, som mellom anna vil vurdere mineralrådet sin funksjon og organisering. Då vert det opp til fylkestinget å vurdere Vestland fylkeskommune si vidare deltaking i rådet.

Kommunestyret i Sunnfjord kommune har heller ikkje teke standpunkt til endeleg organisering og vedtekter for mineralrådet. Administrasjonen i Sunnfjord kommune har hatt møte med Vestland fylkeskommune, og Sogn og Fjordane fylkeskommune si oppmoding om vidareføring av arbeidet i rådet blir det såleis jobba med. Dette skriv kommunedirektøren i Sunnfjord kommune i eit notat til Berthelsen 10.02.20. Notatet er vedlagt (v8).

I og med at det vert arbeidd med å få fram ei sak til fylkestinget om ei eventuelt deltaking i mineralrådet frå Vestland fylkeskommune, vil det vere uheldig at kontrollutvalet behandlar spørsmål i denne saka no. Her tilrår sekretariatet å avvente konklusjonar frå fylkestinget, og heller vurdere eventuelle kontrollaktiviteter fram i tid vurdert på mellom anna lovlegheit av vedtak som vil binde opp fylkeskommunen, og om vedtak har blitt fatta på korrekt grunnlag av eit organ med mandat til å fatte vedtaket.

Konklusjon

Det vert vist til at fylkesordførar i interpellasjonar 17.12.2019 og 03.03.2020 har varsla at det er til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, som mellom anna vil vurdere rådet sin funksjon og organisering. Dette resulterer i konklusjonen om at kontrollutvalet ikkje bør behandle denne saka no.